



### Historikk:

- a) På oppdrag frå rådmannsutvalet i Nordhordland vart det utarbeidd eit forslag til nytt interkommunalt samarbeid om byggetilsyn.  
Saksdokument for ny behandling i dei aktuelle kommunane vart sendt ut 13.03.2017.  
For å sikre forankring i fagmiljøa vart det sett frist for eventuelle tilbakemeldingar, spørsmål, korreksjonar innan 01.04.2017.
- b) Det kom inn merknad frå Øvind Olsnes i Modalen kommune, pr. 14.03.2017., om tilsynsstrategien sitt pkt.3.3.
- c) Det kom inn førespurnad frå Anny Bastesen i Meland kommune, pr.31.03.2017., der det vart beden om utvida frist.
- d) Det vart sendt ut melding til samarbeidskommunane om utvida frist til 20.04.2017.
- e) Det kom inn merknad frå Anny Bastesen i Meland kommune, pr.18.04.2017. og 20.04.2017, der det vart spurt om bruk av tidlegare NGIT-avtale. Det vart vist til merknad frå Radøy kommune.
- f) Det kom inn merknad frå Tonje Epland i Radøy kommune, pr. 19.04.2017 og 20.04.2017, der det vart gjort framlegg til endringar av styringsdokumenta.
- g) Det kom inn merknad frå Svein Helge Hofslundsengen og Roald Kvingedal i Masfjorden kommune, 25.04.2017, der det vart gjort framlegg om endringar.

### Innleiing

Ein takkar for dei tilbakemeldingane som er kommen inn. Dette gir oss ein god medverknad i at avtaledokumenta blir så gode som muleg for alle.

Merknadsbehandlinga sendast ut til kommunane saman med dei reviderte dokumenta for tilbakemelding før dei sendast til behandling i kommunestyra. Det blir satt kort frist for tilbakemeldingar av omsyn til å prøve å nå endeleg behandling i alle kommunestyra før sommaren.

### Merknader og merknadsbehandling

Merknad frå Modalen kommune av 14.03.2017.

Ber dykk sjå nærmare på formulering av pkt. 3.3 i tilsynsstrategien.

Det kan lesast som at kostnad vert 100% finansiert gjennom byggesaksgebyr?

Men det er lagt opp til finansiering med tilskot frå kommunane, jf. vedlegg til saka.

Skal dette kombinerast eller kva?

Kommentar til merknad frå Modalen.

Tilsynsstrategien sitt punkt 3.3 er endra med tilvising til samarbeidsavtalen punkt 8, der det går fram at kostnadene for tilsynssamarbeidet vert fordelt i samsvar med økonomivedlegget.

Merknad frå Meland kommune av 18.04.2017.

Hei igjen, og vel overstått påske!

Eg har funne fram den førre avtalen, og samanliknar den med det nye forslaget.

Eg lurar litt på kvifor den førre avtalen ikkje er brukt, som utgangspunkt, når det likevel er mykje det same?

Det hadde vore lettare å sette seg inn i kva som er tenkt endra, når det er den førre som blir revidert. Vi brukte jo mykje ressursar på å sette den opp, og kvalitetssikra lovheimlar mm. Eg ser enkelte (små) feil, og feil skrivemåte for paragrafar pga. manglande mellomrom mellom bokstavar og tal, t.d. Heimelen manglar elles i det nye utkastet; det står berre at det skal gjerast vedtak i deltakarkommunane? Namnet manglar også? Generelt litt vanskeleg å finne igjen ting. Men det er kanskje ei forklaring?

Det verkar OK å dele avtalen i to dokument; sjølve avtalen, og eigen tilsynsstrategi.

Merknad frå Radøy kommune av 19.04.2017.

Du får Radøy kommune sin formelle uttale i morgen, men her er litt ekstra «kjøtt på beinet» til deg.

Jeg har sett på NGIT avtalen fra 2012. NGIT avtalen fra 2012 er ikke basert på vertskommunesamarbeid

med nemnd/styre. Jeg mener derfor at denne bør kunne brukes med mindre justeringer og sletting av det

som gjelder strategi. Jeg kommer til å sende deg en revidert versjon av avtalen fra 2012, som et innspill fra meg til deg, så får du vurdere om det er noe du vil ta videre i arbeidet internt hos dere.



Når det gjelder strategien vil du se at vi mener den er for generell og ikke er en reell prioritering. Vi har i uttalen bare kort nevnt det vi minimum mener enn tilsynsstrategi bør inneholde, men for også å gi et konstruktiv innspill til mulig løsning vedlegger jeg Radøy kommune sin tilsynsstrategi som et eksempel, se pkt. 5 og 6.

Merknad frå Radøy kommune av 20.04.2017.

Innspel til samarbeidsavtale for nytt NGIT

Viser til e-post 13.03.17 og 31.03.07 angående etablering av nytt interkommunal samarbeid om byggetilsyn (NGIT), der det vert bedt om tilbakemelding på utkast til avtale, tilsynsstrategi mm.

Innspel til avtaledokument

Radøy kommune hadde ynskja at det hadde vore teke utgangspunkt i den avtalen som vart utarbeidd for interkommunal byggesakstilsyn i 2012. Denne avtalen vart til gjennom omfattande prosess med kvalitetskontroll og medverknad frå kommunane sin fagavdelingar.

Når det gjeld innhaldet i avtaledokumentet har Radøy kommune følgjande innspel:

Heimel for samarbeidet bør fremgå innleiingsvis av avtaledokumentet

- Målsetting med samarbeidet bør vere tydeleg formulert
- Lovtilvisinga i pkt. 3.1 er feil i den samanhengen den er nytta.
- Pkt 3.2 - Hovudlinene i tilsynet sine oppgåver bør vere tydeleg formulert i avtalen og ikkje bare vise til tilsynsstrategien. Tilsynsstrategien skal vere ei dynamisk dokument som må reviderast.
- Avtalen bør ta stilling til i kva grad NGIT skal utføre føretakstilsyn, byggeplasstilsyn og/eller obligatorisk tidsavgrensa tilsyn, og i kva grad tilsynet skal følgje opp lovbrottssaker. I den grad føretakstilsyn skal vere hovudansvaret for tilsynssamarbeidet må dette gå fram av avtalen. Det bør også takast stilling til om det er tenleg at obligatorisk tidsavgrensa tilsyn vert lagt til tilsynssamarbeidet.
- Føresegner om vurdering og revisjon av tilsynsstrategien bør takast inn i avtalen.
- Pkt 3 og 4 har overlappende innhald.
- Pkt 4.2 – føreseger om klage følgjer av kommuneloven og forvaltingslova, og bør ikkje takast inn i avtalen
- Pkt 4.3 om at tilsynet skal arbeidet uhilda er ein føresetnad etter forvaltningsretten og bør ikkje takast inn i avtalen.
- Tilvising til SAK i pkt. 5 bør takast ut av avtalen når tilsynsstrategien ligg i eiga dokument.
- Pkt 5.6 og pkt. 5.7 handlar om tilsynet sine oppgåver og har ikkje samanheng med øvrige punkt i pkt. 5.
- Pkt 6 manglar punkt om årsrapport og del 2 av pkt. 6 er uklar.
- Pkt 7 om økonomiske forhold er uklart formulert og opnar for tolkingstvil.
- Fordelingsnøkkelen er ei vesentleg del av avtalen og bør takast inn i avtaledokumentet.
- Pkt 8 om avtaletid og uttreden er uklart formulert og opnar for tolkingstvil.
- Radøy kommune stillar også spørsmål ved om det er tenleg med ein oppseiingstid på meir enn 3 år.

Når det gjeld strukturen i avtaledokumentet gjer Radøy kommune følgjande framlegg i samsvar med kommunelova § 28-1 e:

1. Heimel
2. Samarbeidskommunar (kommuneloven § 28-1e nr 2 a)
3. Føremål
4. Mynde og delegasjon (kommuneloven § 28-1e nr 2 b og c)
5. Tilsynet sine oppgåver
6. Rapportering (kommunelova § 28-1e nr 2 d)
7. Organisering
8. Økonomiske tilhøve (kommunelova § 28-1e nr 2 e)
9. Avtaletid, avtaleendring, uttreden og avvikling (kommuneloven § 28-1e nr 2 f)
10. Tvist (kommuneloven § 28-1e nr 2 g)

Innspel til tilsynsstrategidokumentet

Utkast til avtaledokument og tilsynsstrategi er delvis overlappende og har ein uklar struktur i høve kva som er regulert i kva dokument. Nokre av punkta i punkt 2, 3 og 5 i tilsynsstrategien synast å ha ein meir naturleg plass i avtaledokumentet slik dette er utforma.

Alternativt bør avtaledokumentet kortast ned til å omfatte pkt. 1, 2, 4, 6 og 8-10 i Radøy kommune sitt framlegg til struktur ovanfor, og punkta 3, 5 og 7 i sin heilskap flyttast til tilsynsstrategien. Tilsynsstrategien



bør i så tilfelle ha ein overordna del som bare kan reviderast som del av samarbeidsavtalen og ein dynamisk del som er gjenstand for jamleg vurdering og revisjon.

Avtaledokumentet og tilsynsstrategien bør avklare om utkast til tilsynsstrategi er ein overordna strategi eller om dette er strategien som tilsynet skal arbeide etter. For det tilfelle at dette er strategien som tilsynet skal arbeide etter er det Radøy kommune sin vurdering at strategien er for generell i forma til å oppfylle krav til tilsynsstrategi etter byggesaksforskrifta § 15-1 c om prioritering. Pkt 4 som er hovudpunktet i ein tilsynsstrategi er generell og knapt, og er ikkje ein reell prioritering. Til dømes vil det å «sjå til at tiltak blir i samsvar med PBL» vere ein målsetting for tilsynet og gjev ikkje uttrykk for ein prioritering. Tilsvarende gjeld for «Sjå til at søknadsplikta haldast, at ansvar er plassert og at føretaka har dei kvalifikasjonar som krevjast.» Føresegner om prioritering bør som eit minimum ta stilling til kva type tiltak og lovbrøt det skal førast tilsyn med og korleis det skal prioriterast mellom desse (høg, middels og låg prioritet).

Som følgje av at strategien er for generell i forma gjev strategien etter Radøy kommune sin vurdering dårleg grunnlag for rapportering til kommunane på tilsynet sitt arbeid.

Radøy kommune vil rå til at dokumenta vert omarbeidd før dei vert lagt fram for samarbeidskommunane for vedtak.

#### Kommentar til merknad frå Radøy.

Det vart halden eit arbeidsmøte 28.april 2017 der Tonje Epland frå Radøy kommune og Siril Sylta og Tor Hegle frå Lindås kommune deltok.

På møtet var det semje om endring av strukturen på dokumenta. Det vart tatt utgangspunkt i dei gamle styringsdokumenta.

Hovudstruktur i samarbeidsavtalen følgjer i hovudsak mal-oppsett i kommunelova § 28-1 e, medan struktur for tilsynsstrategien følgjer i hovudsak mal-oppsett i pbl § SAK10 § 15-1.

I alle styringsdokument er det gjort tydeligare tilvising til heimlar, inklusive skrivemåte for dette.

På møtet vart det også arbeidd med mål- og prioriteringsformuleringar. Hovudprinsippa for synspunkta er tatt inn i dei reviderte dokumenta.

#### Merknad frå Meland kommune av 20.04.2017.

Hei igjen. Viser til rask drøfting om NGIT etter anna møte i går, og vil for ordens skuld supplere meldinga under her.

Meland ønskjer sterkt at NGIT blir etablert igjen, vi treng dette felles tilsynet.

Når det gjeld sjølve avtaleteksten, ber vi om at det er det førre avtaleutkastet som blir nytta som grunnlag.

Vi har ingen motforestillingar mot at dokumentet blir splitta, og at tilsynsstrategi blir eit eige dokument.

Vi har heller ingen motforestillingar mot at tekst som rådmennene i lag har bestemt skal gå ut av avtalen, blir tatt ut.

Resten av det førre avtaleutkastet bør behaldast som det er (og som sagt gjerne splittast i fleire dokument), oppdatert for endringar i kommunelova m.o.t. paragrafar mm. Som sagt vart det gjort eit særs grundig arbeid på tvers i kommunane for å få avtalen på plass sist.

Sidan fagmiljøet i kommunane ikkje lenger skal kunne ta del i prioriteringane, må avtaledokumenta i tillegg vere tydelegare på målsettingar og innhald i tilsynet. Det er ikkje lenger klarlagt nok kva kommunane får igjen av vertskommunesamarbeidet. Det er ikkje tydeleg kva oppgåver kommunane sjølve må ta seg av.

Meland sluttar seg til Radøy sine kommentarar, som Tonje formulerte munnleg og forhåpentlegvis skriftleg.

#### Kommentar til merknad frå Meland.

Merknadene frå Meland kommune synast å vere tatt vare på gjennom merknadsbehandlinga knytt til merknadene frå Radøy kommune.

#### Merknad frå Masfjorden kommune av 25.04.2017. ført i pennen av Teknisk sjef Roald Kvingedal

Viser til samarbeidsavtale om NGIT.

Eg har sett igjennom avtalen frå NGIT, avtalen er så og sei grei.

Eventuelt endringar som bør vera med:

Tilsynsstrategi 2017-2021 for kommunane

2.3 Oppfølging av ulovleg bygging.

Endring frå Masfjorden kommune.

Felles tilsynskontor skal arbeide med føretakstilsyn/byggeplasstilsyn og følgje opp lovbrøt som er knytt til dette og anna tilsyn og oppfølging av ulovleg bygging etter plan- og bygningslova.



Om felles tilsynsstrategi:

Eg meiner dette ikkje er noko for Masfjorden kommune å vera med på. (I forgje avtale om tilsyn, vart det mykje å betale, å lite at for pengane, få tilsyn). Slik budsjettet er lagt opp til, vert ein kostnad på 80.000,- pr år for nokre tilsyn som er knytt kun til arbeid med føretakstilsyn/byggeplasstilsyn og følgje opp lovbrøt som er knytt til dette. Masfjorden kommune kan ta 2 tilsyn sjølve med kjøp av kompetanse på dette feltet. Ca 10.000 – 15.000,- pr år. ( Dette ligg inne i budsjettet pr i dag).

Om ein skal gå inn på ein avtale med NGIT må dette med andre tilsyn og oppfølging av ulovleg bygging etter plan- og bygningslova. Det er dette som er vanskelege saker, og her kan ein då få bygga opp kompetansen i NGIT, men då vil vel og kostnadane i budsjettet og auka.

Tilsynsstrategi for Masfjorden kommune

Eg kan leggja fram ein tilsynsstrategi for Masfjorden kommune til behandling i neste TU 23 mai.

Kommentar til merknad frå Masfjorden kommune.

I utforminga av styringsdokumenta er det tatt utgangspunkt for samarbeidet at ein korkje - kan føre tilsyn med alle byggesaker-, eller - følgje opp alle ulovlegheitssaker i alle kommunar. Ein må gjere eit utval gjennom målsetting og prioritering.

Det står ikkje på vilje og lyst til å gjere alt arbeidet, men ein må innsjå ut frå ressursbruken og avgrensinga i kva to personar kan få gjort i heile regionen, og kor det er mest gevinst å hente på innsatsen.

Gjennom NGIT ynskjer ein å binde saman arbeidet mellom fleire kommunar og hente ut gevinst av dette.

Fleire av føretaka i bransjen arbeider på tvers av kommunegrensene og det vil vere eit føremon for kommunane å ha ein felles kompetanse som gir lik haldning ovanfor- og behandling av- føretaka på tvers av kommunegrensene.

. – o 0 o – .